

Spørsmål om forsøpling av bustadområde

I kommunestyret 25.06.20 stilte underteikna spørsmål om korleis Alver kommune følgjer opp forsøpling av bustadområde. Dette gjeld spesielt grunneigarar som opplever at nabo har mange gamle bilvrak ståande på si tomt overlang tid, opp til fleire år.

Til dette svara ordførar mellom anna at *«avdeling for Miljø og tilsyn har aktiv oppfølging med denne type saker, og i fleire av dei er det no gitt pålegg om opprydning, og det blir gitt tvangsmulkt dersom opprydning ikkje er gjort og meldt tilbake til kommunen innanfor den fristen som er satt i vedtaket»*.

Svaret var etter mi meining positivt, men eg er kjent med at det i nokre tilfelle er gitt pålegg om opprydning, utan at dette har ført til at bilvrak er fjerna fleire månader etter fristen som er satt i vedtaket.

Spørsmålet mitt blir då; Korleis vil Alver kommune handtere denne type situasjonar?

Frekhaug 09.03.21

Nils Marton Aadland (H)